



Saksbehandler:	Arkivkode:
Arkivsaksnr:	JournalpostID:

Bjørnafjorden formannskap	Utval:
---------------------------	--------

## Rekneskapsrapport pr. mars 2020

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

[  
Formannskapet tar rekneskapsrapport pr. mars 2020 til orientering.]

### Samandrag av saka:

[  
Kommunen sin økonomi kjem til å bli sterkt påverka av tiltaka som er sett i verk mot Covid-19, m.a. i form av redusert skatteinngang, men regjering og Storting viser stor vilje til å sette i verk avbøtande tiltak. Finansporteføljen viser pr. mars negativ avkastning, men kommunen har eit bufferfond som vonleg vil vere tilstrekkeleg til å dekke eit ev. tap, dersom situasjonen ikkje skulle betre seg ut over året. 2020 vil bli eit år med større usikkerheit enn normalt på grunn av Covid-19, men kommunen sin manglande budsjettbalanse i økonomiplanperioden utgjer ei vel så stor økonomisk utfordring som kommunen må løyse på eigenhand.]

Bjørnafjorden, 06.04.2020

Christian Fredrik Fotland  
Kommunedirektør

**Saksframlegg:**

[

<b>Samlerapport drift 2020 - Mars</b>			
<b>Område</b>	<b>Rekneskap 2020</b>	<b>Budsjett 2020</b>	<b>Forbruk i %</b>
<b>Finans / frie inntekter</b>	<b>(299 980 329)</b>	<b>(1 020 607 253)</b>	<b>29,4 %</b>
<b>Fellesutgifter</b>	<b>13 229 942</b>	<b>46 848 820</b>	<b>28,2 %</b>
<b>Stab</b>	<b>30 328 056</b>	<b>88 920 576</b>	<b>34,1 %</b>
<b>Oppvekst og Kultur</b>	<b>181 431 013</b>	<b>671 591 181</b>	<b>27,0 %</b>
<b>Helse, Omsorg og Beredskap</b>	<b>168 699 365</b>	<b>79 834 128</b>	<b>211,3 %</b>
<b>Samfunnsutvikling</b>	<b>25 796 822</b>	<b>133 412 548</b>	<b>19,3 %</b>
<b>Sum</b>	<b>119 504 868</b>	<b>-</b>	

**Frie inntekter og tiltak vedr Covid-19**

Dei dramatiske tiltaka som blei sette i verk pr. 13 mars 2020 for å bremse spreinga av Corona viruset får store konsekvensar for samfunnet og dermed kommunesektoren. Det blei m.a. nødvendig å sette i verk umiddelbare tiltak for å auke kapasiteten i helsetenestene, styrke smittevernet og iverksette digital undervisning av elevar. Det er gjort ein formidabel jobb – i rekordfart – for å ruste kommunane til møte den nye situasjonen.

Regjering og Storting har uttrykt stor forståing for kommunesektoren sin situasjon, og var tidleg ute å bad kommunane om å innføre ei form for koding som gjer det mogleg å dokumentere meirutgiftene. Pr. mars er det i vår kommune bokført utgifter (varer og tenester) for kr 487.000 som er koda med Covid-19 relaterte utgifter. Merk at lønsutgifter ikkje er med i tala.

I den første krisepakka blei skjønstilskotet (ein del av rammetilskotet) auka med kr 250 mill. kr for å hjelpe kommunane i den første akuttfasen. 200 mill. kr er fordelt ut på kommunane, medan 50 mill. kr blir fordelt seinare til kommunar med særleg høge utgifter. **Bjørnafjorden kommune sin andel av den fordelte summen på 200 mill. kr er kr 823.265.**

Regjering og Storting kom tilbake i slutten av mars med ei meir omfattande krisepakke for å sikre at kommunane kan oppretthalde tenestetilbodet til innbyggjarane i ei tida som vil kome med auka utgifter, sviktande skatteinngang og anna inntektsbortfall. Rammetilskotet til primærkommunane blir auka med 3,75 mrd. kr og det blir sett av ein pott på 150 mill. kr til kommunar som er særleg hardt råka av epidemien. **Bjørnafjorden kommune sin andel av dei 3,75 mrd. kr er av KS rekna til å bli kr 17.768.000.**

Stortinget vedtok samtidig å auke løyvingane til tre øyremerkte tilskot:

- Breibandutbygging kr 150.000.000
- Tilskot til klimatiltak og klimatilpassing kr 100.000.000
- Flaum- og skred førebygging kr 100.000.000

Stortinget var vidare tydeleg på at kommunane kan spille ei viktig rolle som aktivitetsdrivar for å bidra til å auke etterspurnaden av varer og tenester. Stortinget viste til at eit av dei mest effektive tiltaka for å sikre arbeidsplassar under finanskrisen i 2009 var at kommunane kjøpte vedlikehalds- og anleggstenester, og gjennom dette sikra oppdrag for handtverkarar, anleggsbransjen og andre yrkesgrupper. Stortinget gjorde m.a. følgjande «anmodningsvedtak» overfor regjeringa:

- Stortinget ber regjeringen vurdere å oppfordre kommunene til å igangsette planlagte vedlikeholdsprosjekt på offentlige bygg.
- Stortinget ber regjeringen i samråd med KS komme tilbake til Stortinget med en endelig modell for hvordan tiltakspakken for aktivitetsfremmende tiltak fordeles.

Regjeringa la 3. april 2020 fram ytterlegare to proposisjonar som har verknad for kommunane si økonomiforvaltning. I den eine proposisjonen blir rammetilskotet til kommunane foreslått auka med 1 mrd. kr for å kompensere for bortfallet av foreldrebetaling i barnehage og skulefritidsordning (SFO). Private barnehageeigarar kan søke kommunane om tilskot, og må dokumentere bortfall av foreldrebetalinga. Bortfall av kostpengar blir ikkje kompensert. Kunnskapsdepartementet vil utarbeide retningslinjer for korleis kommunane skal tildele tilskotet til dei private barnehagane, og vil ha dialog med KS og PBL om dette og det er utarbeidd ei midlertidig forskrift som regulerer korleis kommunane skal kompensere dei private barnehagane for deira inntektsbortfall. Frå og med 14. april må dei som mottar eit tilbod i barnehage eller SFO, betale for det tilbodet dei mottar. Kunnskapsdepartementet vil gje nærare informasjon om korleis dette skal handterast.

**KS har rekna at Bjørnafjorden kommune sin andel av kompensasjonen for bortfallet av foreldrebetaling i barnehage og SFO vil kunne bli ca. kr 5.358.000.**

I den andre proposisjonen blir det lagt fram ei midlertidig lov om unntak frå kommunelova, IKS-loven og partilova. Av størst betydning for den kommunale økonomiforvaltning er at kommunerevisor sin frist for revisjonsberetning er forlenga til 15. juni 2020, medan fristen for kommunestyra for å vedta årsregnskapa og årsberetningane for 2019 er forlenga til 15. september 2020.

Skatteveksten for Bjørnafjorden kommune pr. mars 2020 er på 2%. Skattevekst for kommunesektoren samla ligg ikkje føre enno. Det blei i statsbudsjettet rekna med ein nominell skatteauke for kommunane frå 2019 til 2020 med 2,1 prosent. Nye overslag på årsveksten i skatt for 2020 rekna i forhold til dei faktiske skatteinntektene i 2019 er på 1,3 prosent for kommunesektoren.

## Finans

Verdsøkonomien er i krise etter tiltaka som er sett i verk for å bremse Covid-19. Etterspurnaden etter dei fleste varer og tenester utanom daglegvare og apotekvarer er kraftig redusert, og produksjonen av varer og tenester likeså. Regjeringar og sentralbankar verda over tar i bruk sterke verkemiddel for å hjelpe verksemder og sikre at finansmarknaden fungerer. Dette har hjulpet, men situasjonen er framleis svært usikker m.a. fordi ein ikkje veit kor lenge situasjonen vil vere slik, og fordi vi ikkje har oversikt over dei langsiktige konsekvensane.

Når det gjeld vår egen finansportefølje så er avkastninga hittil i år (altså pr mars) negativ med ca. 12,8 mill. kr tilsvarande ca. -9%. Verdien på porteføljen er ca. 142 mill. kr. Det er stort sett tap i alle segment, og porteføljen gjer det dessverre dårlegare enn referanseindeksane. Eit lyspunkt er at kommunen var heldig med tidspunktet for re-balansering av porteføljen mot grunnkapitalen då 77 mill. kr blei tatt ut av finansporteføljen og ført over på likviditetsfond før fallet i aksjemarknaden starta.

Kommunen har eit finansbufferfond som er sett av for å handtere m.a. tap i finansporteføljen. Bufferfondet er på 35 mill. kr.

Renter og avdrag på lån går som normalt, ingen avvik å melde om så langt. Kommunen har ikkje tatt opp årets investeringslån enno, men har planer om å gjere dette i april.

### **Andre sentrale postar i budsjettet**

Årsbudsjettet for Bjørnafjorden kommune bygger på ein del føresetnader, m.a.

- Reformstøtte (kommunereforma) kr 21.600.000
- Inntekt frå premiefond i KLP kr 5.000.000
- Utdeling frå Havbruksfond kr 20.600.000
- Saldering ved bruk av disposisjonsfond kr 12.920.000

Pr mars har kommunen mottatt reformstøtte frå staten på kr 22.314.000, altså kr 714.000 meir enn budsjettet. Vi veit førebels ikkje kva vi vil få inn på premiefondet frå KLP, men selskapet hadde eit godt resultat i 2019, noko som gjev grunn til optimisme. Vi har førebels ingen signal vedr utdeling av midlar frå Havbruksfondet.

Som kjent frå budsjettarbeidet i haust så er nemnte inntekter stort sett knytt til året 2020, og ikkje midlar vi kan vente å få framover. I tillegg veit vi at utgiftene til renter og avdrag vil vekse, ettersom vi aukar lånegjelda vår. Prosjektet Bjørnafjorden 22 er skipa som eit svar på desse utfordringane, og har m.a. som målsetting å finne eit driftsnivå på tenestetilbodet som er tilpassa kommunen sine inntekter. Kommunen har sendt søknad til fylkesmannen om kr 5.010.000 i støtte til prosjektet. Grunna Covid-19 har administrasjonen satt arbeidet med Bjørnafjorden 22 på vent. Det er såleis grunn til å tru at arbeidet med neste års budsjett og økonomiplan blir krevjande.

### **Sektorane**

Kostnadsavsetningar gjort i rekneskapane for 2019 er ikkje tilbakeført enno. Dette vil ta noko tid, då rekneskapane for dei to kommunane må avsluttast før det kan lagast ein opningsbalanse for Bjørnafjorden kommune. Dette medfører at nokre einingar vil vise (for) høge utgifter no før avsetningane blir tilbakeført (inntektsført).

Det pågår eit stort arbeid for å få lønsutgifter og budsjett til å «matche». Dette har samanheng med at budsjett og lønsstruktur måtte lagast før organisasjonsstrukturen og fordeling av tilsette var endeleg avklart. Dette kan medføre at tala for enkelte einingar ikkje gjev eit korrekt bilete før alt er retta.

Drifta i sektorane følgjer stort sett budsjett. Vi har ikkje fått utbetalt a-konto vedtakstilskot for 1 kvartal 2020 vedr SIO-prosjektet. Dette utgjer ein relativt stor sum. Saka er purra opp, og utbetaling er lova med det første. ]

Bjørnafjorden, 06.04.2020

Ingrid Karin Kaalaas  
Økonomisjef